

# Kva skjer i vakre Nordhordland i sommar?

Oppmodinga til dei som ikkje allereie har gjort det, er å rydde kalenderen og legge turen til eit av dei kjekke arrangementa som går føre seg i sommar. Planlegg du godt, rekk du kanskje få med deg fleire opplevingar for minneboka.

## Utkantfestivalen

### 26. - 29. juli i Skjerjehamn i Gulen

- Verdas, «heilt objektivt», beste band, Kvelertak er tilbake for tredje gong. Vaular og Datarock kjem garantert til å lage enorm stemning, seier festivalsjef Viggo Randal.

Samstundes er festivalsjef Randal sjølv mest oppteken av dei skjulte perlene i programmet som dei er veldig stolte over å få presentere til publikummet sitt.

- Men det er ingen tvil om at det faktum at Norden sin største hiphop-artist, ikonet Timbuktu, legg turen



FESTIVALSJEF VIGGO RANDAL

til Skjerjehamn er stort for oss og kjem til å verte ein kanonstart på dagen. Bergenske Kakkmaddafakka, har me lenge hatt på lista over band me ynskje, seier Randal.

Elles meiner han at stjerneskota Halie og Amanda Delara er eit must å få med seg.

- Dessutan synes me det er utruleg stas å få presentere Stine Norse sin musikk. Stine har vore med oss som frivillig i ei årrekke, og det er sjukt stas at ho får synt seg fram akkurat her hjå oss. No har eg jo snart lista heile programmet. Men i bunn og grunn kan folk glede seg te all musikken, seier han.

#### Kva kan ein forventa seg?

- Utkant og Skjerjehamn i midtsmarsol og med deilig vær, er vel bortimot det beste ein finn av opplevingar i fylka våre. Hjå oss kan ein forventa deilig stemning, fint samhald, nye vene og eit yrande folkeliv.

Randal meiner det beste med festivalen på mange vis er festivalen sin utilgjengelegheit. Noko som gjer at ein er stranda på ein holme i Skjergarden, omringa av glade menneske og deileg musikk.

- Utkant er ei heilt eiga boble i verda, vekkobra frå alt anna. Om du berre skal ha med deg ein festival, så er det denne, oppmodar han.

Festivalen er open for alle, og born

under 13 kjem inn gratis i fylge med betalande voksen.

- Hovudmålgruppa er nok 25-50, men her kosar både 10-åringen og 70-åringen seg. Her kjem folk i saman, på tvers av alder og geografi, for å oppleve fin stemning og god musikk

## KnarvikMila

### 31. august - 2. sept. i Knarvik

Eddie Ebbesvik lovar mykje god stemning og folkehelse i kvart steg for dei som blir med på det sagnommsuste idrettsarrangementet i Knarvik.

KnarvikMila er meir enn eit idrettsarrangement, og i 2018 blir KnarvikMila arrangert for 36. gong. Heile veka er som vanleg spekka med både kultur- og idrettsarrangement. Då fører alle vear og spretne føter til Knarvik, står det skrive på arrangementets facebookside.

Det heile sparkast i gong med ei konsern med Nordic Tenors i Knarvik kyrkje den 24. august klokka 19, altså fredagen før sjølv løpet. Denne innleiande konserten er ifølge Knarvik-Mil-sjefen eit samarbeid med Musikvens venner, og virkelig noe å glede seg til.

Sjølve arrangementsveka startar med eit pensjonistarrangement for den eldre garde.

- Måndagen skal vi ha et pensjonistarrangement. Dette blir eit seminar med foredragshaldarar, og det blir og ei tur i Brekkeløypa midt på dagen, fortel Ebbesvik som håper på stor interesse.

Påfølgande vekedag står Knarvik-konferansen på Nordhordland folkehøgskule på programmet, og der er det mellom anna Hedda Kise og Anja Hammerseng-Edin bekrefta som gjestar.

- Knarvikmessa startar fredagen, og går heile helga. Fredag morgen går Ungdomsmila der rundt 2700



DAGLEG LEIAR I KNARVIKMILA,  
EDDIE EBBESVIK

ungdom spring om kapp. Det er eit verdiarrangement, noko som vil sei at vi har miljøkursing for 8.- og 9.-klasse, og trafikktryggleikskurs for 10. klasse, samt eit privatøkonomikurs for første klasse vidaregåande og et sjømatkurs for fyrste og andreklasse på vidaregåande skule, fortel han.

Same kveld er det duka for skogs-løpet Knarvikextreme, på 5 km (kort løype) og 11 km (lang løype) i terren-

get ovanfor Knarvik Stadion. Ebbesvik fremmar YT-stafetten og samarbeidet med Kreftforeningen.

- Laurdag er det YT-stafetten som er ei bedrift- og vennestafett. Her går cirka halvparten av pengane fra startkontingenent til intekt for Kreftforeningen. Dei som løpar andre distanser kan også donere pengar. 10 kilometeren går og på laurdagen, det er originaldistansen.

Søndagen er familiedagen. Da er det minimil og Knøttemil, turmarsj og turmil, der du kan velje ulike løype lengdar. Vi har halvmaraton den dagen og et avslutningsshow og trekning av bil som er populært, seier Ebbesvik.

I fjor telte Knarvikmila 16.000 besøkande, blant dei, var det 7.500 utøvarar og 500 frivillige.

- På KnarvikMila ligger vi foran på påmelding i år. Noen vil perse og noen vil vinne. Det er attraktivt for alle å være med. KnarvikMila. Det er noe å trenne mot, og ei god grunn til å helde seg i form i ferien, og det er god folkehelse i det.

## Modalsdagane 2018

### 28. juni - 1. juli

Tre sommardagar til ende siste helga i juni, med marknad, konserter, utstillingar, god mat, dans og folkeliv i sentrum.

Modalsdagane har vore arrangert sidan 1995, og er i regi av kommunen og kulturkontoret. Fleire frivillige



MO I MODALEN

FOTO: ERLEND TOBIAS EIKANGER

lag og organisasjonar er med på marknaden, fortel kulturkonsulent i Modalen kommune, Inga J. Nåmdal.

- Modalsdagane er eit stort, årleg arrangement som går av stablen siste helga i juni og samlar mykje folk. Bryggedansen nede på kaien brukar å samle opp i mot 400 deltakrar, det er fleire enn vi har innbyggjarar i kommunen, opplyser Nåmdal.

Ho legg til at Modalen med sine 385 innbyggjarar er Noregs nestminste kommune. Da tykkjer den blide kulturkonsulenten ikkje det er så verst at det er inne vel 1000 personar i løpet av ei hel helg under Modaldagane.

- Vi får gjerne inn 40 - 50 båtar og like mange campingbiler, men det avheng sjølvsgått av været. Sea Camp AS har bygga opp ei bobilpllass ved skulen. Tidligare år har campingturistar parkert på ei fotballbane i nærliken, men denne kan ikkje brukast til det formålet lenger, da den no har

fått kunstgras.

Nytt av året er at arrangementet er utvida med ein dag. Vi har utvida til torsdag med skriveverkstad. Det er da forfattaren Bjørn Sortland som skal halde skriveverkstaden, og målgruppa frå alderen ungdomskuleelevar og oppover, opplyser ho.

Noko av det mest morosame som går føre seg under Modalsdagane er kanskje det store andeløpet. Her kjøpar folk seg nummererte ender i forkant av løpet. Desse sleppes ned frå betongbrua og kjem i land om lag 400 meter lenger nede ved den gamle trebrua (Ottestadbrua).

- Dette er eit sær populært arrangement, og vi har sjølv sagt båtar på vatnet for å holde øye med kva for ein and som kjem først i mål. Tidligare leigde vi inn plastender frå Trøndelag, men vi kjøpte inn eigne for fire år sidan, seier ho med eit smil.

Sjølv gler Nåmdal seg svært til konserten med Heine Totland. - Det er veldig flott musikk, tykkjer ho og anbefaler konserten på det varmaste.

- Alt i alt trur eg dette blir ei veldig fin helg. Modalen har flott natur, og arrangementet er absolutt verdt tu- ren. Under Modalsdagene kjem ofte utflytta folk heim igjen. Både innbyggjarane sjølv og turistar kjem for å bli med. Det er ei møteplass, seier ho avslutningsvis.

## Ein (liten) smak av Austrheim

### 28. juni - 1. juli.

Bilrebus, boblekurs med Bjørn Brekk, lokalmatmarknad, sommarutstilling og langope senter med ulike aktivitetar, er berre nokar v det som står på programmet under arrangementet «Ein sak av Austrheim».

- Føremålet med festivalen er og skape aktivitet og god stemning for innbyggjarar og besökande i Austrheim i sommar. Festivalen ønskjer å vera eit samlande arrangement som engasjerer og som skapar identitet og tilhøyrsla i Austrheim, opplyser senterleiar ved Mastrevik torg, Sofia



Sætre.

«Ein smak av Austrheim» er eit samarbeidsprosjekt mellom Nordhordland Næringshage, Kystlandsbyen, Kilstrommen brygge, Mastrevik torg (Torghuset) og Austrheim Kommune.

- Det er krevjande å gjennomføre festivalar både med tanke på økonomi, frivillighet og dugnadsinnsats.